



Referat

Studentparlamentsmøte 24.02.2021

Tid Onsdag 24.02.21 kl 16.30-19.30
Stad Vekselstrøm

Til stades med stemmerett: 10

AHL Matilde Tafjord Rødhammer(H) til kl 18 , Mariely Gonzalez Barbosa (H),
AKF Pernille Fynbo Gajhede (H), Heidi Verkland (H) til kl 18.
AMF Sander R. Hauge (H), Nora Skranefjell (H),
ASH Stian Woo Andersson (H), Trond-Fredrik Hoddevik (V).
FRI Simen Vederhus (H), Jonas Közle (H), Daria Jermacane (V),

Meldt forfall: Marte Nesfossen (Fri), Anna Indridadottir (AU), Simen Vederhus

Til stades utan stemmerett

AU Trym Nikolas Rimmen, Paloma Lonenzale Alonso, Anna Kristin Indridadottir, Arnaud Duhamel
Kontrollkomitéen -
Organisasjonskonsulent Marit Aklestad (referent)
Andre møtande/ gjestar Jenny Ulla, Odd Helge Mjellem Tonheim (sak 49), Jan Henning Egset (sak 48) Maja Susann Melby (V), Trygve Taranger (V), Irmelin Angell Losvik (V), Jenny Ulla (V)

	Dagsorden for studentparlamentsmøte 24.02.21	
44	Opprop og val av møteleiing	V
45	Godkjenning av innkalling og saksliste	V
46	Godkjenning av referat	V
47	Orienteringar	O
48	Info om val til styret i SiVolda	O
49	Resultata frå Studiebarometeret	O
50	Val av ny fagansvarleg	V
51	Miljøuttale	V
52	Val av deltakarar til NSO sitt landsmøte	V
53	Eventuelt	V
	53.1. Sosialt med Studentparlamentet	
	Møtekritikk	

Sak 44 – 20/21: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

Namneopprop

Studentparlamentet er 11 røysteføre.

Val av møteleiing

Vedtak:

- Trym Nikolas Rimmen vart vald til ordstyrar
- Marit Aklestad og Paloma Lorenzale Alonso vart valde til teljekorps.

Sak 45 – 20/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Type sak: Vedtakssak

Vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

Studentparlamentet godkjenner sakslista med desse endringane

- Ei eventuelt-sak: sosialt for Studentparlamentet

Sak 46 – 20/21: Godkjenning av referat

Type sak: Vedtakssak

Vedtak:

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte, 27.01.21

Sak 47 – 20/21: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

AU orienterte om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Ny fagansvarleg
- Rekruttering til Fadderstyret
- Krisepakken til regjeringa
- Frukost med Henrik Aasheim, minister for høgare utdanning
- Velferdsgruppa (Mat og prat på Rokken annankvar tysdag ++)

Leiinga ved HVO v/prorektor Odd Helge Mjellem Tonheim orienterte om NOKUT-tilsynet

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

- Matilde Tafjord Rødhammer orienterte frå Møteplassgruppa

Sak 48 – 20/21: Info om val til styret i SiVolda

Type sak: Orienteringssak

Jan Henning Egset, adm.dir. i SiVolda, informerte om valet til styret i samskipnaden, som parlamentet vil gjennomføre på mars-møtet.

Sak 49 – 20/21: Resultata frå Studiebarometeret

Type sak: Orienteringssak

Prorektor Odd Helge Mjellem Tonheim la fram resultata av Studiebarometeret og svarte på spørsmål og kommentarar.

Forslag til neste år: førebu ei større sak der resultata blir sendt ut på førehand og vi får ein samtale om resultata og kva som bør vektleggast i oppfølginga av resultata.

Heidi Werkland fekk innvilga permisjon, og parlamentet er 10 røysteføre.

Sak 50 – 20/21: Val av ny fagansvarleg

Type sak: Vedtakssak

Allan Levi Melby har valt å trekkje seg frå vervet som fagansvarleg i AU, og vi gjennomfører omval.

Trym orienterte om vervet og arbeidsoppgåvene.

Trond-Fredrik Hoddevik stilte til val og presenterte seg sjølv gjennom ein valtale.

Votering: urneval. Ti røysteføre.

Vedtak: Trond-Fredrik Hoddevik er ny fagansvarleg i Studentparlamentet

Sak 51 – 20/21: Miljøuttale

Type sak: Vedtakssak

Arnaud orienterte om prosessen bak uttalen og korleis miljøgruppa har jobba. Parlamentet jobba i grupper og kom med endringsforslag. Endringsforslaga vart justert der fleire kom med liknande tekst, lagt inn i eit samla dokument, og stemt over eitt for eitt.

Forslagsstiller	Linjenr	Type endring	Tekst	Avstemming
AU	10	Endring	Bytte ordet fossilfrie med utsleppsfrie	Vedtatt
Pernille	30	Endring	At klima og miljø og FN sine berekraftsmål blir prioritert inn i utdanningane og studiekvardagen slik at studentane får nødvendig kunnskap for å finne gode klimaløysingar både i jobb og kvardagsliv.	Vedtatt
Jonas	34	Tillegg	Fjerne alle små restavfallsbøtter, særlig fra klasserom og bibliotek, og erstatte de med miljøstasjoner	Vedtatt
			Meir vegetartilbud i kantina	Vedtatt
			At HVO vel elektriske bilar når dei erstattar gamle bilar	Vedtatt
			At HVO kompenserer for tapte tre ved bygginga av det nye mediebygget, og erstatter med nye parkområder	Vedtatt
Jenny	29	Tillegg	Legge til: innan 2022.	Vedtatt
Mariely	30-31	Tillegg	At HVO følger FNs berekraftsmål for å oppnå en berekraftig utvikling	Avvist
			og bidrar til en likere ressursfordeling i verden.	Avvist

Votering: miljøuttalen vart vedtatt mot ei stemme.

Vedtak:

Studentparlamentet vedtek miljøuttalen i sin heilskap med vedtekne endringane.

Sak 52 – 20/21: Val av deltakarar til NSO sitt landsmøte

Studentparlamentet har 3 delegat-plassar på NSO sitt landsmøte. Desse stilte til val: Simen Vederhus, Trond-Fredrik Hoddevik og Arnaud Duhamel.

Vedtak:

Simen Vederhus, Trond-Fredrik Hoddevik og Arnaud Duhamel blir Studentparlamentet I Volda sine delegatar på LM i NSO 2021. AU får fullmakt til å setje saman ei varaliste.

Sak 53 – 20/21: Eventuelt

53.1 – Sosialt for Studentparlamentet

Grillinga blir utsett pga dårlege vermeldingar. Vi kjem tilbake med forslag til dato.

Møteslutt 19.40